

INTERPELLASJON OM «SÆRLEG FARLEG ELLER VANSKELEG SKULEVEG I LINDÅS KOMMUNE»

Kvar vekedag ferdast elevane i Lindås kommune på veg til skulen. Nokre elevar ferdast også på «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

Opplæringslova kapittel 7 handlar om elevane sin rett til skuleskyss. Skyssgrensa er 2 km for elevane på 1. trinn og 4 km for elevane på 2-10 trinn. Dette er den såkalla ordinære skuleskyssen som er fylkeskommunen sitt ansvar. I tillegg kjem «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg» som er kommunen sitt ansvar, og det er dette området interpellasjonen min omhandlar.

Trygg Trafikk har utarbeida ein veileder som viser til kva argument som er sentrale når kommunen skal vurdere og eventuelt gjere vedtak etter om skulevegen er særleg farleg eller ikkje. Dette kan for eksempel være trafikkettleik, vegdekke, breidde, vegskulder, fotgjengerovergangar, fartsdumper, lys, generell sikt, fartsgrense og ulykkesstatistikk. Trafikktilhøva kan også endrast gjennom årstidene, til dømes når det gjeld lys/sikt føre og brøyting. Det må derfor gjerast ei vurdering om den enkelte elev har føresetnad for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbilde. Ved den individuelle vurderinga må det m.a. takast omsyn til alder, utvikling, syn og hørsel, dette i flg veilederen.

Vidare krev Opplæringslova kap 13 § 13-10, andre ledd, at kommunen har eit forsvarleg system for vurdering av om krava til lova vert oppfylt. Retten til slik skyss er også individuell og det skal derfor fattast enkeltvedtak.

I Lindås kommune har etter mi meining fleire «særleg farlege eller vanskelege skulevegar» der elevane på grunn av lengde ikkje har rett på fri skuleskyss. Eg kan nemna skulekrinsen som eg kjem frå, Leiknes, spesielt dei elevane som kjem frå sør i bygdene, dvs dei elevane som må krysse brua. Vidare har me Hønsedalen på Seim, der det har vore eit utgreiingsarbeid, men status er for meg ikkje kjent. Me har farlege vegar i Alversund, Kvamsvågen og ein kan også lese i avisa om farleg skuleveg på strekninga Vågseidet –Skodvin.

Spørsmål:

1. Kor mange vegar i Lindås kommune er definert som «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg»? Og kva vegar er dette?
2. Kor mange elevar i Lindås kommune har eit enkeltvedtak knytta til «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg»?
3. Har kommunen eit forsvarleg system for vurdering om krava i Opplæringslova og forskrift til lova vert oppfylt? Jfr Opplæringslova kap 13, § 13-10.
4. Eit søk på nettet viser at enkelte kommunar har ein link til eit søknadsskjema der foreldre/føresette kan søke om skyss grunna «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg». Eit slikt skjema kan eg ikkje finna på våre heimesider. Vil administrasjonen vurdere om slik informasjon bør være tilgjengeleg for våre innbyggjarar?

På førehand takk for svar.

Med helsing

May-Eva Sandvik

Kommunestyrerepr for Lindås Høgre